

nr. 7 - 2008
Pirion

- kulturavis for barnehagar og skular

LES FOR MEG!

Eit knippe av haustens bøker



ABC

Tekst: Olav H. Hauge
Teikning: Bodil Cappelen
Samlaget 2008

I år er det hundre år sidan Olav H. Hauge vart fødd. I samband med dette kjem det ut ein del nyutgivingar om forfattaren og diktinja hans. I tillegg kjem nokre bøker i ny drakt. I barneboka ABC har Olav H. Hauge skrive tekstane, medan kona Bodil Cappelen har teikna dei fyl-dige illustra-sjonane. Boka kom første gang ut i 1986.

Dette er ein tradisjonal ABC, med eit vers til kvar bok-stav. Teksten er skriven i blokkbokstavar, noko som gjer den lett å lese, også for dei som nett har lært seg lesekunsten.



Havet voggar blått og blankt.

Me skal sigla langt - langt!

Far seier jorda ho er rund

So me kjem att i same sund.

Versa har også mykje rim og rytme, som gjer lesinga enklare og teksten lettare å minnast.

Judith Sørhus Litlehamar

der det frå før er skummelt nok. Så får Roy han til å tenne på det tørre graset, og då blir alt farleg og fælt.

Ragnhild Margretha Taranger


Iver baker


Tekst og bilde: Marianne Nygård og Jørgen Nordlie
Damm forlag 2008

Iver og Blå skal bake kake - den beste kaka i verda. Dei byrjar med gode, raude eple, men finn etter kvart ut at grøne eple, appelsinar, fisk og kjøttbein og kan gjere seg som kakepynt. Ein hummar er det jammen også plass til på toppen.

Iver baker er eit godt utgangspunkt for samtale om fargar og fasongar og ikkje minst om kva som det faktisk går an å gjere. Ei söt lita bok for dei minste ungane, dette her.

Toyni Tobekk





Kuvenninnene

Tekst og illustrasjon: Annlaug Auestad
Samlaget 2008

Dette er ei fargerik bildebok som truleg passar best for dei mellom 3 og 6 år. Kuvenninnene diskuterer, kranglar og slåst.



Gullhorn, Berta,

Konni, Jorun og Bjølleku er gode venninner heilt til dei byrjar å diskutere kven som er finast, har størst horn, den beste klangen i bjølla eller det største juret. Då utviklar det heile seg til ein slåsskamp utan like.

Auestad har både forfatta og illustrert boka med store og gode teikningar. Dyra har fått klåre ansiktsuttrykk, og sjølve kampen vert illustrert slik at sjølv dei yngste borna vil kunne sjå føre seg kva som skjer. Teikningane er på kvit bakgrunn, noko som også gjer at dei er lette å sjå og forstå. Teksten er mindre viktig og står nedst på sidene, i fotnoteform. Likevel er dette ei bok med rauting på høgt plan.

Judith Sørhus Littlehamar



Les for meg!

Redaktør: Petra J. Helgesen
Samlaget 2008

Dette er ein antologi mange har venta på, og samlinga gir oss som lesarar eit godt og omfattande møte med kva den nynorske barnelitteraturen har å by på. Her møter me alt frå flekkmonsteret som bygger harefelle, Noas sjark, det store alfabetdiktet, Jakob og Neikob og mange kjekke songar. Boka vert gitt til alle barnehagar og fyrsteklassar i landet, og bak lanseringa står Nynorskcenteret i Volda.

Boka er fargerik og har eit stort spekter, både i tekst og illustrasjon. Dei klåre fargane fører til at samlinga vert oversiktleg, og at den ikkje verkar så tung som den kanskje kunne. Boka vender seg også med ei helsing til forskulelærar og lærar om korleis dei best kan nytte seg av samlinga. Med trettiårte forfattarar og tjueto illustratørar vert boka både omfattande og grundig.

Ein styrke med samlinga er detaljene. Her er songar med noter og rause illustrasjonar med ein klår strek. Dei sterke fargane er gjennomførte, og boka er då også delt opp med fargesekSJONAR. Her er ei god blanding av kortare og lengre tekstar som alle høver godt til opplesing. Og det er lesestunda for dei minste som står i sentrum. Antologien vil truleg bli ein viktig reiskap for høgtlesing, både i barnehage og skule.

Judith Sørhus Littlehamar

Lukas bygger olabil

Av: Akin Duzakin
Samlaget 2008

Lukas skulle så gjerne hatt ein olabil og spør pappa



om hjelp. Dermed byrjar prosjektet med å byggje olabil. Arbeidet er så rikt illustrert gjennom boka at den nesten kan brukast som ei oppskrift for andre som har lyst til å prøve seg. Trinn for trinn er det skildra, både gjennom ord og teikningar, kva ein må gjere. Og teikningane er så nøyaktige og detaljerte at ein nesten kan få lyst til å byrje bygginga med ein gong. Dette er ei solskins-historie, utan masing eller problem. Her reiser far og Lukas på butikken for å kjøpe det dei treng. Deretter byggjer dei olabilen utan problem. Kanskje for godt til å vere sant?

Judith Sørhus Littlehamar

Mamma er best!

Pappa er best!

Tekst og teikning: Björk Bjarkadóttir
Skald forlag 2008

SÅ BRA!!!! tenkjer eg når eg får bøker med god nynorsk tekst for forskulebarn. Det tenkte eg no òg då eg fekk dei to små biletbøkene av Björk Bjarkadóttir. Dei er gode å ta i og lette å handtere for barn frå tre-fireårsalderen med den korrekte teksten på motståande side. Annakvar side er som eit lite måleri, med vakre, noko mørke fargar. Illustrasjonane er klare og enkle, og dersom ein liker den naivistiske streken, vil dei sikkert falle i smak hjå både vaksne og barn.

Eg, som tilhører bestemorgenerasjonen, synest likevel litt synd i barn i dag som får bilete som anten er ei etteraping av det barn teiknar sjølv, eller noko som er såkalla «kunstnerisk» og meir for vaksne. Men illustrasjonane i



både bøkene er uttrykksfulle med fleire detaljar å feste blikket på for ein treåring.

Anne Berit Skeie

Prikk og Flekk ser stjerner

Prikk og Flekk på prikknik

Tekst og teikning: Lotta Geffenblad

Omsetjing: Jo Eggen

Mangschou forlag 2008

Serien om dei to kompisane Prikk og Flekk er no kome opp i seks bøker, der «Prikk og Flekk ser stjerner» og «Prikk og Flekk på prikknik» er dei to siste.

Hovudpersonane er dei kanin-liknande (og eigentleg ikkje særleg pene) Prikk og Flekk som bur i eit hus og steller med både kvardagslege og meir uvanlege ting. Den eine av dei to er, som namna seier, prikkete, og den hin er flekkete. «Akkurat slik det skal vere», som er fast opningssetting i bøkene. Og prikkar og flekkar er gjennomgangstema i alle forteljingane, anten det no er sølt deig, stjerner eller myggstikk det er snakk om. Teikningane har mange detaljar, og bøkene kan lesast både på eit enkelt og eit meir detaljert nivå. Her i huset har bøkene fenga frå toårs-alder, men til dømes dei mange ordspela i bøkene kjem nok endå meir til sin rett for eldre born.

Øystein Skjæveland

Rikke gidder ikke

Tekst: Cornelius Jakhelln

Teikning: Lars M. Aurtande
Damm 2008

Ein dag vaknar jentungen Rikke



Benkestokk opp og finn ut at ho ikkje finn seg i at ho brør er slemme, foreldre skal bestemme alt, og



at det er krig i verda. Rikke er verdas viktigaste person, og verdas viktigaste person gidd rett og slett ikkje meir.

Denne giddeløysa spreier seg med stor fart til heile resten av verdene, inkludert dei mytiske verda Vallhall og Atlantis. «Jeg gidder ikke mer!» kan ein snart høyre frå alle kantar.

Toyni Tobekk

Den vesle stavkyrkjeboka

Tekst: Grete Letting og Reidar Solberg

Bilde: Björk Barkadóttir

Skald forlag, 2007

Ei bok frå i fjor, men likevel:

Går det eigentleg an å laga ei faktabok om stavkyrkjer for born? Etter å ha lese «den vesle stavkyrkjeboka» må svaret verta «ja». Boka har i alle fall engasjert ein treåring her i huset så mykje at han også les boka på eigahand iblant. Det har nok litt med å gjera at ein grøn dinosaur (av alle ting) er gjennomgangsfigur, men likevel.

Boka tek for seg alle dei norske stavkyrkjene, med kart som viser kvar i landet dei er.

Heile boka er illustrert og utforma på ein måte som gjer stoffet morosamt og lett å formidla. Denne faktaboka bør absolutt få ein sjanse som høgtlesingsbok for små born og dessutan som sjølvlesing for dei litt eldre.

Øystein Skjæveland

Når tussalusi kviskrar

Tekst: Olav H. Hauge

Illustrasjon: Inger Lise Belsvik
Samlaget 2008

Det er hundreårsminne for diktaren Olav H. Hauge i år, og dei minste skal også ha sitt. Hauge skreiv lite direkte for born, men i denne boka har Samlaget samla eit fint knippe dikt som dei små også vil ha glede av. Dyr slår vanlegvis godt an, og her treffer me både katten, tordivelen, hanen, ugla, piggsvinet, beve-

ren og fleire. I tillegg til dikt om fiskarar, regnbogar og månen.

Denne boka må vera eit flott høve til å lesa høgt for borna og la dei få møta andre typar tekstar enn dei reint forteljande. Utprøving her i heimen tyder på at det fell i god jord. Somme kan gjerne tenkja at språket til Hauge kan vera noko tungt, men det skal ein ikkje la seg hindra av. Ungane greier godt å læra nye ord, og ein treng ikkje gå lenger enn til Legokatalogen (som også er populær her i huset) for å finna langt underlegare ord enn i Hauge-boka.

Inger Lise Belsvik har før illustrert ei diktbok for born av Tarjei og Haldis Moren Vesaas, og ho gjer det minst like bra denne gongen. Teikningane er knytte nokså tett til tekstane, men har også nye element, så ein får endå meir å snakka med borna om.


Øystein Skjæveland

Tutomaten


Tekst Bjørn F. Rørvik

Illustrasjonar: Per Dybvig
Cappelen Damm
2008

Dette er Rørvik og Dybvig sin niande roman saman. I 2005 fekk dei Kultur- og kyrkjedepartementet sin bildebokpris for samarbeidet deira. Og Tutomaten held truleg same nivået, den er både rufsete og sjarmante, med ei morosam historie du heilt sikkert kjem til å leve deg inn i.



Me møter Reven og Grisungen. Reven har fått brev frå tanta si på Vestlandet om ei ny oppfinning: ein maskin som seier tut tut når ein puttar inn



ei tomflaske. Reven og Grisungen vil gjerne lage sin eigen tutomat, men den skal derimot vere for fulle flasker som dei seinare kan drikke opp.

Judith Sørhus Litlehamar

Verdens største gorilla og andre rim

Tekst: Linde Hagerup

Illustrasjon: Thore Hansen

Cappelen Damm 2008

Dette er ei samling med dikt og vers. Tøysete, morosame og litt meir alvorlege vers. Linde Hagerup har klart å gi oss ei samling dikt som me likar å lese høgt ja som ein nesten kan syngje. For dette er vers fylte med rim, rytme og klang. Vers som vert verande oppe i hovudet og som ein kan nynne for seg sjølv, om og om igjen.



Ingen vet hvor haren hopper

Hit og dit, og opp og ned

Ingen vet når haren stopper

Stopper haren, har den fred.

Hagerup skriv mykje i fast form, og her er bruk av både ende-rim og bokstavrim.



Dette gjer mange av versa lette å hugse og fører til at borna kjenner att trekk frå andre rim og regler.

I mange av versa er språket det viktigaste, humor vert brukt som eit verkemiddel for å kunne la rimet stå på eigne bein.

Trass i dette er det også innslag av alvor:

Tid er aldeles merkverdig

Først snegler den seg av sted

Men viiss du slår tiden i hel

Så går den som bare det

I slike innslag har også den vaksne leseren noko å strekke seg etter. Tekstane ber elles preg av den enkle handlinga, kvar dagen. Samstundes vert dikta om store mysterium som verdsrommet.

Judith Sørhus Litlehamar

Pakken fra Australia

Av: Jan-Kåre Øien

Cappelen Damm 2008

Me møter Harepus, som under frukosten ein dag får ein kjempestor pakke levert på døra. Kven kan det vere frå og kva er inni pakken?

Piggsvin vil gjerne hjelpe Harepus med å finne ut kva som er i pakken, og saman byrjar dei å pakke opp. Pakken viser seg å vere frå ein onkel i Australia, og inni er faktisk eit heilt trekkspel.

Dette er den enkle historia om mysteriet som vert løyst, og der ein til slutt endar med å hjelpe nokon ein ikkje visste trong det eingong. Den Vandrande Katt kjem nemleg forbi med ei trist historie, men så finn han trekspelet og alt fell på plass.

I *Pakken fra Australia* er det teikningane, illustrasjonane som er det viktigaste. Teksten kjem i andre rekke og er meir å rekne som eit tillegg til teikningane. Framfor alt er det illustrasjonane som fortel og ber historia vidare. Øien kan kunsten å skape eit eige univers med blyanten, eit lite samfunn som i stor grad minner oss om Hundremeterskogen. Her er også dyr som snakkar, som bur i hus, som lagar seg frukost og får pakkar levert på døra. Med andre ord dyr som lever som menneske.

Judith Sørhus Litlehamar

Pirion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no

